



Sigvard Hopland
Nesbrekka 2
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/230 - 19/9844

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2019

Svar på søknad om bygging av landbruksveg Kvammane vegen velteplass søkjar gbnr 172/4

Dokument:

Søknad om bygging av landbruksveg Kvammane velteplass innkome 24. januar 2019

Lovgrunnlaget:

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05.2015
Naturmangfallova § 7

Saksutgreiing:

Kvammane vegen vart opparbeid på slutten av 80 talet starten på 90 talet og det vart opparbeid ein bilveg stubbe frå vegen som går opp frå VA sin veg som gjekk opp til riggplassen som vart opparbeid i samband med utbygginga av Storvatnet som drikkevass- kjelde. Driftsmåtane i skogbruket har endra seg i tida etter at Kvammane vegen vart bygd slik at det no er trong for ei ombygging av velteplassen.

Vurdering:

Som det går fram av saksutgreiinga så er det her ein søknad om opprusting av ein bilveg/velteplass og det har vore gjort tiltak på området. Det er såleis kommunen si vurdering at det ikkje er trong for å senda denne søknaden til regionale mynde på høyring.

Kommunen har vurdert tiltaket etter § 7 i naturmangfallova utan at ein kan sjå at arbeid med opprusting eller skogsdrift i området vil ha negativ verknad på naturmangfallet. Bygging/ombygging vil heller ikkje medføra fare for flaum og ras, Ein vil likevel gjera merksam på at tiltaket som er om søkt ligg i nedbørsfeltet til hovudvasskjelda til Lindås og like ovanfor inntaket til pumpe stasjonen og dette er noko arbeid med vegen og drift i området må ta omsyn til. Opparbeiding av vegen og velteplassen vil og koma i nærleiken av vassleidningen frå pumpe stasjonen og opp til høgde bassenget og før arbeidet startar må den som skal utføra arbeidet ta kontakt med VA avdelinga slik at forholdet mellom vegarbeidet og vassleidningen vert avklara.

Vedtak:



Det vert synt til vurdering og saksutgreiing og med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 28.05 2015 godkjenner Lindås kommune bygging /ombygging av Kvammane vegen velteplass. **Vilkår for denne godkjenninga er at det før arbeidet startar så skal det vera kontakt med VA avdelinga, tiltakshavar og utøvande entreprenør:**

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sigvard Hopland

Nesbrekka 2

5912

SEIM